

## Infoskriv til legekantor den 28.06.18

Takk for samarbeidet i samband med oppstart av IHR. IHR har no blitt breidda til 30 legekantor i Møre og Romsdal. Vi er takksame for at de har vore positive til å kome i gang med IHR, og at de nyttar systemet aktivt. Innføringa av IHR har medført mange fordelar, som blant anna auka pasientsikkerheit, mindre manuelle oppgåver og større grad av sporbarheit.

### **Endra telefonnummer for brukarstøtte, IHR. Tlf 90 80 72 15**

I samband med oppstart av IHR, oppga vi våre private telefonnummer, slik de har kunna kontakta oss ved spørsmål knytt til bruk av IHR. Det er planlagt å opprette ei regional løysning for IHR-brukarstøtte. Inntil den regionale brukarstøtta er på plass, **vil de nå oss på følgjande telefonnummer tlf 90 80 72 15**. Dette nummeret vil bli betent av Per Inge Holmeide (IKT-konsulent), Haakon Espelund (prosjektstilling, IHR) og Irene Schmidt Furuli (prosjektstilling, IHR). Minner om at IT-tekniske problemstillingar skal meldast til **Hemit, tlf hemit 03612/ [hpsm@hemit.no](mailto:hpsm@hemit.no)**. Konkrete spørsmål knytt til ei bestilling/rekvisisjon, slik som etterbestillingar, sletting av prøvenummer og liknande, skal fortsatt meldast til det sjukehuslaboratorium som prøvane er sendt til. Sjå vedlagt oversikt «*Kontaktpunkt IHR, prosjektfasen*».

**Vi ber om at de nyttar dette telefonnummeret, tlf 90 80 72 15, for generell brukarstøtte frå 1. juli, og fram til de får tilbakemelding om at regional brukarstøtta er på plass.**

### **Oppfølgingsmøter, IHR**

Det har vore haldt nokre oppfølgingsmøter ved legekantor som har teke i bruk IHR. På desse oppfølgingsmøta har vi vanlegvis halde ein felles presentasjon på cirka ½ time. Innhaldet i presentasjonen er mellom anna basert på tilbakemeldingar frå laboratorium som mottek IHR-prøvar og ofte stilte spørsmål frå legekantora.

Dersom oppfølgingsmøte kan vere av interesse, ønskjer vi at de gjer tilbakemelding om dette. De når oss på følgjande e-post-adresser:

- Furuli, Irene Schmidt [Irene.Schmidt.Furuli@helse-mr.no](mailto:Irene.Schmidt.Furuli@helse-mr.no)
- Espelund, Haakon Arne [Haakon.Arne.Espelund@helse-mr.no](mailto:Haakon.Arne.Espelund@helse-mr.no)

### **Hugseliste, IHR**

Det er utarbeida ei «Hugseliste for legekantor som har teke i bruk IHR». Sjå *vedlegg*. Fint om de kan skrive ut denne lista, slik de har den lett tilgjengeleg.

Mottakslaboratoria har i det siste meldt frå om følgjande:

- Enkelte bestillingar er ikkje fullført. Sjå punkt for dagleg sjekk i «Hugselista»
- Analyser er bestilt på fleire separate bestillingar for same pasient i same tidsrom. Sjå punkt «Etterbestilling/ending av bestilling» i «Hugselista»
- Prøverør er ikkje merka med riktig prøvemateriale.
- «Kopi av svar» ikkje lagt til aktuell bestilling. Sjå punktet «Kopimottaker» i hugselista.
- Det skal ikkje hakast av for «Ekstern prøvetaking» dersom prøvetaking skal skje ved sjukehuslaboratoria. For beskriving av gjeldande rutine, sjå *vedlegg* «*Prøvetaking ved sjukehuslaboratoriet*».

### Etterrekvirering

Ved behov for etterrekvirering må de kontakte laboratoriet prøvane er sendt til, sjå vedlagt «Hugseliste for legekantor som har teke i bruk IHR». Laboratoriet kan då vurdere om ein har nok og riktig prøvemateriale for analysane som ein vil etterrekvirere. Elektroniske rekvisisjonar overførast til laboratoriedatasystemet først når prøvebeholdarane er mottaksregistrert på laboratoriet ved sjukehuset. Elektroniske rekvisisjonar der vi ikkje mottek prøvebeholdarar slettast normalt etter 14.dagar.


### Allergianalysar, rekvirering i IHR for legekantor på Sunnmøre

Vi har fått tilbakemeldingar om at nokre legekantor opplever det som tungtvint å rekvirere allergianalysar til Avdeling for medisinsk biokjemi – Ålesund (MBÅ). I løpet av året har MBÅ planar om å endre analysering av spesifikke allergen til også å kunne analysere panel med direkte reflekstesting. Det er også planar om å oppdatere allergenmenyen.

For å forenkle rekvireringa for dei allergianalysane som blir tilbydd no, er det oppretta fem analysegrupper for allergi. Dersom de ikkje får opp desse gruppe hjå legekantoret, forsøk då å oppdatere tenestekatalogen i IHR.

Oppdatering av tenestekatalogen gjerast på følgjande måte:

- Vel «Hjelp» i menyen oppe til høgre
- Vel «Oppdater tjenestekatalog»




### **Problem med etikettskrivarar**

Det er informert om enkelt vedlikehald av etikettskrivarane i samband med opplæringa som er gitt ved kvart legekantor. Dersom de opplever problem med etikettskrivarane, kan desse manualane vere til hjelp:

- Innstilling etikettskrivarar
- Vedlikehald etikettskrivarar

### **Dårlig trykk, kan skuldast følgjande:**

- Innstillingar: For høg fart kombinert med for lite trykk. Vil gi jamn dårleg/kornete kvalitet.
- Ureint skrivarhovud (glasplate markert med firkant: skal bli reingjort ved skifte av etiketter og ved behov – tørk av med sprit for fjerning av evt limrestar. Kan gi blanke vertikale felt i skrift og strekkode).
- Haker (trekantar) som held loket på plass: begge må vere trykt skikkeleg nedpå slik at lokket er fast på begge sider. Ved dårleg feste vil det bli svakare skrift på ei side.
- Gummirull (ring): om denne er tatt ut pga reinhold er det viktig at den blir sett skikkeleg på plass igjen. Dårleg feste av rull eller etiketter rundt rullen vil gi manglande framdrift eller manglande skrift på deler av rullen.



Dersom de ikkje får løyst problemet ved legekantoret, ta kontakt med lokal brukarstøtte. Brukarstøtte, tlf 90 80 72 15

**God sommar!**

### **Vedlegg:**

1. Kontaktpunkt IHR, prosjektfasen
2. Hugseliste for legekantor som har teke i bruk IHR
3. Prøvetaking ved sjukehuslaboratoriet
4. Innstilling etikettskrivarar
5. Vedlikehald av etikettskrivarar

*Med vennleg helsing*

*Irene Schmidt Furuli og Haakon Arne Espelund*

[Irene.Schmidt.Furuli@helse-mr.no](mailto:Irene.Schmidt.Furuli@helse-mr.no)

[Haakon.Arne.Espelund@helse-mr.no](mailto:Haakon.Arne.Espelund@helse-mr.no)

*Brukarstøtte, tlf 90 80 72 15*